

Retorikk og argumentasjon

■ Einar Kr. Steffenak tolte visst ikkje så godt å få kommentert ein praktisk feil i innlegget 25.9., der han heller ville ha «inn» meir engelsk og matte i staden for nynorsk.

Då eg skreiv at ein neppe ville få meir tid til engelsk eller noko anna fag ved å ta eit emne ut av norskfaget, blei dette igjen tolka som ein debatt om bokmål versus nynorsk. Det handla derimot i utgangspunktet om fordeling av ressursar i skolen.

I sitt motsvar 6.10. prøver Steffenak å vri på argumentasjonen min. Eg påstod ikkje generelt at «vi blir betre av å kunne nynorsk». Det eg sa – og det forskning seier, er at ein blir flinkare til å lære andre språk når ein kan sitt eige morsmål godt, og ein blir flinkare til å lære fleire språk dess fleire språk ein kan frå før.

Dette skreiv eg eksplisitt (27.9.). Så det er ingen grunn til å tillegge meg ei «innpakka» meining eg ikkje står for.

■ Når ein meiner at ein blir betre i engelsk eller matte ved å fjerne nynorsk, har ein eit prak-

tisk problem når det gjeld ressursfordelinga i skolen. Eg håpar at Steffenak kan sjå dette. Som historielærer (-lektor) vil han vel ikkje påstå at ein blir betre i engelsk eller matte ved å fjerne norsk mellomkrigshistorie eller eit anna delemne.

Som historielærer vil han kanskje også innrømme at ein blir betre i å skjønne kva som skjedde i andre land i mellomkrigsåra, når ein skjønner kva som skjedde her heime, og omvendt.

■ Ein kan alltid argumentere for at ein heller burde lære noko anna, slik Steffenak gjer. I staden for å lære nynorsk kunne ein heller lære om dialektdifferansar. Kva er den store forskjellen?

Det eine heng jo faktisk litt saman med det andre. Eg synest nok at Steffenak er flinkare til å argumentere når det gjeld historiske hendingar enn når det gjeld denne saka.

Men at ein heller burde foreine seg enn å slåst mot kvarandre, kunne eg ikkje vere meir einig. Det merkelege er at eg gjerne blir

assosiert med «språkkrig» når eg argumenterer for to likestilte skriftspråk som lever side om side i fred.

Dei som vil slåst, er jo helst dei som vil fjerne eitt av skriftspråka. Staten har som eit mål å verne norsk språk mot bl.a. engelsk. Språkrådet skriv: «Målet for arbeidet i Språkrådet er at norsk skal være i bruk i alle deler av samfunnslivet også i framtiden – og ikke bli tilsidesatt av engelsk.»

Med «alle deler av samfunnslivet» meiner ein også dei som av ein eller annan grunn vel å bruke nynorsk.

■ Sjølv om Steffenak er historikar, er han ikkje så flink til å sjå på nynorsk som noko anna enn ein del av den nasjonalromantiske perioden. Men med så mykje kunnskap om historie er det litt rart at han puttar dei som argumenterer for språkleg mangfald og historisk-politiske rettar, i båsen for «gammel kolonial tenkning».

Jens Haugan



Vi som er vant med å se litt stort på det, så fram til den internasjonale synsdagen som skulle arrangeres forleden. Men vi fikk ikke øye på den.

Sverre Frilseth i God dag – siste side i HA

POLITISK «HELVETESLÆRE»

Den blå jammerdal

■ Mandag 8. oktober presenterte den rødgrønne regjering et solid statsbudsjett for neste år. I forhold til resten av Europa med nedgang i levestandard lever vi på en solside av velstand.

Statsbudsjettet viser at vi får det enda bedre neste år. Det bygges, fornyes og satses på alle bauger og kanter, og pengene brukes på en fornuftig måte.

Likevel opplever vi at ledelsen i de blå partier, Venstre inkludert, graver seg ned i en blå jammerdal av klager og misnøye.

Når Frp-eder Siv Jensen og Høyres Bent Høie framførte de verste klagesanger på TV over tilstanden i eldreomsorgen måtte helseminister Jonas Gahr Støre advare dem mot å skremme de eldre.

For 60 år siden framførte religionsprofessor Ole Hallsby sin helveteslære for å skremme fol-



STÅR IMOT: Når Siv Jensen og Bent Høie framførte klagesanger over tilstanden i eldreomsorgen måtte helseminister Jonas Gahr Støre advare dem mot å skremme de eldre, skriver Andor Normann. FOTO: SCANPIX

politisk helveteslære for å skremme velgerne bort fra rødgrønn politikk. Vil vi bite på et slikt agn?

De blå ønsker privatisering over alt i samfunnet og varsler

himmelrike» med en slik politikk? Ærlig talt så må vi være enige om at vi har det veldig bra som vi har det.

Rødgrønn politikk er den beste garantiet for videreføring av